

PROTOKOLL FRA STYREMØTE NR. 1 I SKÅNEVIK IDRETTSLAG

Styremøte nr. 1/2026 heldt fysisk den 18.02.2026 18.00-20.00 på Skånevik Fjordhotell.

Til stede frå styret:

- Erik Opheim Rognøy, leiar
- Rebekka Ebbesvik, nestleiar
- Vidar Matre, sekretær
- Kristine Ebne, styremedlem
- June Marie Hornenes, kasserer

Meldt forfall:

- Silje Merete Eliassen, varamedlem 2
- Kari Johansson, varamedlem 1

Referent:

- Vidar Matre

Styreleiar opna styremøte nr. 1/2026 den 18.02.2026 klokka 18.10.

Det ble ikkje fremma innvendingar til innkallinga eller sakslista.

Møtet var vedtaksført.

Det var ingen habilitetsinnvendingar knytt til saker som låg til behandling.

VEDLEGG – SAKSLISTE OG SAKSDOKUMENT

Vedtaksaker:

- Sak 1: Godkjenning av innkalling.
- Sak 2: Godkjenning av saksliste.
- Sak 3: Godkjenning av protokoll frå møte nr. 4/2025.
- Sak 4: Klubbavtale med Scantrade / Umbro
- Sak 5: Styrets årsmelding 2025.
- Sak 6: Budsjett 2026.
- Sak 7: Sakar til årsmøtet.

Orienteringssaker:

- O-sak 1: Førebuing til årsmøtet.

Sak 1: Godkjenning av innkalling.

Forslag til vedtak:

- Innkallinga godkjennast.

Forslaget blei vedtatt einstemmig.

Sak 2: Godkjenning av saksliste.

Forslag til vedtak:

- Saksliste godkjennast.

Forslaget blei vedtatt einstemmig.

Sak 3: Godkjenning av protokoll frå møte nr. 5/2025

Forslag til vedtak:

- Protokoll godkjennast.

Forslaget blei vedtatt einstemmig.

Sak 4: Klubbavtale med Scantrade / Umbro

Sjå vedlegg 1 for forslag til avtale.

Sjå og vedlegg 2 for epost-korrespondanse og vedlegg 3 for foreslått draktdesign.

Verd å merke seg at det er eksklusivitet på levering av klede og utstyr. Det vil seie at me ikkje kan få Adidas-drakter frå Sparebanken Norge viss me inngår avtale med Scantrade / Umbro. Styreleiar har sendt spørsmål til Sparebanken Norge om det er mogleg å kjøpe drakter gjennom Scantrade i staden for Adidas.

Forslag til vedtak:

- Styreleiar fortsett forhandlingane og inngår avtale med Scantrade.

Forslag om å gå vidare med Scantrade blei vedtatt einstemmig.

Sak 5: Styrets årsmelding 2025

Kladd for årsmelding ble førelagt styret under møtet.

Nokon innspel er koma til kladd. Styreleiar oppdatera i møtet og sendar ut ny årsmelding.

Sak 6: Budsjett 2026

Forslag til budsjett for 2026 ble førelagt styret under møtet av kasserar.

Mindre poster ble kommentert og vil bli oppdatert i endeleg budsjett. Anbefaler godkjenning av revidert budsjett.

Sak 7: Sakar til årsmøtet

Er det nokon sakar styret ønsker at årsmøtet skal behandle?

-Styret har ingen innspel til nye saker til årsmøtet-

Sak 8: Medlemskontingent for de minste borna.

Ynskjer å undersøkje kor store inntekter me kan få for dei minste borna før ein vurderer kor mykje ein skal krevje for borna.

Forslag til 100kr for før skulealder.

Sak 9: Vara til Frivilligsentralen

Oppstartstyret i Frivilligsentralen har spurt idrettslaget om å velje to varamedlemmer til oppstartstyret. Idrettslaget sin faste representant i oppstartstyret foreslo per epost at Marita Sydnes og Torleiv Sydnes blei valt til varamedlem. Sidan dette måtte avgjerast før neste styremøte blei saka behandla blant styremedlemmane per epost.

Forslag til vedtak:

- Marita Sydnes og Torleif Sydnes veljast til idrettslaget sine varamedlemmer til oppstartstyre for Frivilligsentralen i Skånevik.

Forslaget blei vedtatt einstemmig.

O-sak 1: Førebuing til årsmøtet

Kven gjer kva:

- Erik førebur alle sakspapira.
- Erik sjekkar med dei som er forventa å koma med saker om dei kjem med sak eller ikkje.
- June førebur økonomisk beretning for 2025 og sender til Erik.
- Erik oppdaterer årsmelding med dei endringane som blei foreslått under møtet og legg inn årsmeldingane frå gruppene.
- Kristine kjøper inn "noko å bite i" til årsmøtet.
- Dei som kan møter tidleg for å rigge opp.

O-sak 2: Påskebasar


Styret må ta det største ansvaret for at ting blir gjort sidan det ikkje er nedskrive nokon plass at alle medlemmer over 18 år må forventast å bidra ein gong kvart femte år.

Alle i styret bidrar med å skaffe gevinstar. June har forberedt ei liste over lokale bedrifter som me kan bruke til å holde system. Erik legger denne ut på Sharepoint / Teams slik at alle kan leggje inn fortløpande.

June (Åse) legg ut førespurnad på Facebook om gevinstar og frivillige.

Skånevik 23.02.2026


Vidar Matre, sekretær


Erik Opheim Rognøy, styreleiar